

# REGULERINGSPLANAR

## 1. Generelt

Kostnader/gebyr i samband med eksterne faguttale t.d. kulturminnesundersøking, geologisk undersøking, rasundersøking, ol. kjem i tillegg til gebyra. Desse må dekkast av søkjar/tiltaks- havar/utbyggjar.

Gebyr skal fastsettast etter dei satsane som gjeld når planen er innlevert til kommunen for behandling, samt etter tal tomter/areal som planen blir fremja med.

Halvparten av gebyret skal vera betalt *før* planen blir teken opp til behandling. Siste halvdel av gebyret skal betalast ettergodkjenning. Ved endelig avslag av reguleringsforslag skal det betalast 50 % gebyr.

Har det ikkje vore framdrift i ei regulerings sak i løpet av de tre siste åra, blir saka rekna som avslutta.

For arbeid som skal fakturerast etter medgått tid, pr. time 1 000 kr

Dersom gebyret er openbart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn for gebyrreglane, og det arbeid kommunen har hatt, kan kommunen etter eige tiltak eller etter søknad fastsetja eit passande gebyr.

Krav om utarbeiding av bebyggelsesplan (etter gamal plan- og bygningslov) i gjeldande (flate)reguleringsplanar skal følgjast opp med utarbeiding av detaljregulering.

## 2. Områderegulering, pbl. § 12-2

Kostnad i samband med utarbeiding av private forslag til områderegulering skal avtalast mellom tiltakshavar og kommunen i kvart einskild tilfelle. Denne kostnaden skal kome fram av referatet frå oppstarsmøtet.

## 3. Planavklaring

Politisk avklaring før fyrste gongs behandling av privat planforslag 6 500 kr

## 4. Detaljregulering, pbl. §§ 12-3, 12-10 og 12-11

### 1. Planprogram

Behandling av planprogram etter pbl. §12-9 7 200 kr

### 2. Områderegulering, jf. pbl. § 12-2

Gebyr for områderegulering som kommunen sjølv ikkje utfører blir avtala før planoppstart.

### 3. Detaljregulering, jf. pbl. § 12-3

For planar t.o.m. 10 nye tomter/brukseining 35 000 kr

+ pr. tomt/brukseining over 10 2 500 kr

For planar som regulerer større flater, og ikkje nye einingar 35 000 kr

+ eventuelt avtala tillegg ved planoppstart for forventet arbeid (planens omfang og verknadar vil her bli tillagt vekt). Fakturering etter medgått tid skal vurderast.

#### **5. Mindre endringar av reguleringsplan, pbl. § 12-14**

Endring av reguleringsplanar, som ikkje fører til nye brukseiningar, men krev full behandling, jf. pbl. § 12-14, første ledd. Her må det verte vurdert omfanget av endringa (25%, 50% eller 75 % av ny plan). Kostnaden skal kome fram av referatet frå oppstarstsmøtet.

25-75 % av  
gebyr for ny plan

Utfylling og mindre endringar, tolkes strengt jf. lovens forarbeider, av reguleringsplanar, jf. pbl § 12-14, andre ledd

6 500 kr